



Arkitektkontoret Børtveit & Carlsen As
Hagellia 6
5914 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/5849 - 23/62552

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:
14.08.2023

Igangsetjingsløyve for veg og grunnarbeid (IG1) - gbnr 188/384, 188/416 og 188/421 Gjervik ytre

Administrativt vedtak: Saknr: 821/23
Tiltakshavar: Orion Prosjekt As
Ansvarleg søkjar: Arkitektkontoret Børtveit & Carlsen As
Søknadstype: Søknad om igangsetting av tiltak med ansvarsrett

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1 bokstav a), jf. § 21-2, 5.ledd, vert det gjeve igangsetjingsløyve for veg og grunnarbeid for godkjend tiltak på delområde BKB2.

Løyve vert gjeve på følgjande vilkår:

1. Rammeløyve datert 24.02.2023 og endringsløyve datert 22.06.2023 med vilkår gjeld for tiltaket.
2. Arbeidet skal utførast i samsvar med godkjend tiltaksplan for forureina grunn gitt i vedtak datert 20.07.2023.
3. Før arbeidet vert sett i gang skal det sendast inn oppdatert gjennomføringsplan der funksjon, planlagt arbeidsområde og tiltaksklasse for alt arbeid i tiltaket er påført, Jf. SAK10 § 5.4.

Før det vert gjeve ytterlegare løyve til igangsetjing skal følgjande liggja føre:

1. Materialpalett og konsept for estetisk utforming av bygningane.
2. Stadfesting på at kravet til sykkelparkering i føresegn 3.1.13 er oppfylt.

Tiltak

Saka gjeld søknad om igangsetjingsløyve for veg og grunnarbeid innanfor delområde BKB2 slik godkjend i rammeløyve datert 24.02.2023, jf. elles endringsløyve datert 22.06.2023.

Det vert elles vist til søknad mottatt 10.07.2023 og tilleggskdokumentasjon mottatt 08.08.2023.

Sakshandsamingsfrist

Søknaden var ikkje komplett når den vart mottatt. Trong for tilleggskdokumentasjon vart meldt til ansvarleg søkjar ved brev datert 08.08.2023, der dokumentasjon i forhold vil vilkår i rammeløyvet vart etterspurd. Dokumentasjon frå ansvarleg søkjar vart mottatt same dag.

Rekkefølgekrav i forhold til utbyggingsavtalen vart stadfesta oppfylt 11.08.2023.

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 11.08.2023 og frist for sakshandsaming er 3 veker frå denne dato.

VURDERING

Kommunen vurderer at nødvendig dokumentasjon i samsvar med gitt rammeløyve ligg føre og at igangsetjingsløyve kan gjevast slik det er søkt om for veg og grunnarbeid. Tiltaket skal utførast i samsvar med tiltaksplan for forureina grunn gitt i vedtak datert 20.07.2023.

Krav til innsending av materialpalett og konsept for estetisk utforming av bygningane, jf. vilkår i rammeløyvet, og stadfesting på at kravet til sykkelparkering er oppfylt, jf. endringsløyvet, vil ikkje ha verknad for omsøkt igangsetjingsløyve, men må liggja føre før det vert gjeve ytterlegare løyve til igangsetjing.

Ansvarsrettar og tiltaksklasse

Kommunen legg søkjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn og godkjenner tiltaket i tiltaksklasse slik det går fram av søknaden.

Gjennomføringsplanen viser ikkje alle planlagde arbeidsområde i tiltaket. Før arbeidet vert sett i gang skal det sendast inn oppdatert gjennomføringsplan der funksjon, planlagt arbeidsområde og tiltaksklasse for alt arbeid i tiltaket er påført, Jf. SAK10 § 5.4. Føretaka som skal utføra arbeidet kan ein føra på etter kvart som det er avklart kven som skal utføra arbeidet.

Aktuelt regelverk

- Igangsetting av tiltak med ansvarsrett krev søknad etter pbl §§ 20-1 og 20-3, jf. § 21-2, 5. ledd.
- Kommunen sine fristar for sakshandsaming går fram av byggesaksforskrifta (SAK) § 7-1, jf. § 7-1 første ledd bokstav b).
- Grunnlag for ansvarsrett som sjølvbyggjar går fram av SAK § 6-8.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Bortfall av løyve

Om byggarbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at rammeløyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 22/5849

Med vennleg helsing
Alver kommune

Anne Lise Molvik
Rådgjevar

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Orion Prosjekt As	Postboks 449	5853	BERGEN
	Nestun		

Mottakarar:

Arkitektkontoret Børtveit & Carlsen As	Hagellia 6	5914	ISDALSTØ
---	------------	------	----------